
Vår referanse	2021/17521-2
Dato	22.04.2021
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no

Kvam herad

5600 NORHEIMSUND


Lingalaks AS - Søknad om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 30717 Tveitnes i Kvam herad.

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 09.04.2021 frå Lingalaks AS om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 30717 Tveitnes i Kvam herad.

Noverande anlegg på lokaliteten består av seks 120 meter ringar på to rekkjer i rammefortøyning med 80 x 80 meter ramme. Mellom anlegget og land er det plassert ein fôrflåte. Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 06.08.2010.

For å optimalisera drifta med omsyn til miljøtilhøve, ynskjer Lingalaks AS å flytte rammene til eksisterande anlegg på Tveitnes i sørvestleg retning (sjå kart). Anleggsområdet vil verte utvida med 200 meter sidevegs og utover i fjorden. Selskapet søker no om å etablere eit anlegg beståande av åtte 160 meter ringar i to rekkjer i rammefortøyning med 100 x 100 meter ramme. Det vert samtidig søkt om å leggja ein fôrflåte i nordvest mellom anlegget og land.

Lokalitet 30717 Tveitnes er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 2340 tonn. Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse for anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 2340 tonn.



Som årsak til søknaden skriv Lingalaks AS mellom anna: «Lokaliteten Tveitnes er svært godt eigna for matproduksjon av laks, med gode straum, botn og -miljøtilhøve. I dag ligg anlegget over eit søkk som samlar utslepp, og på bakgrunn av dette ynskjer vi å flytte rammene sørvest til betre botntopografi. Vi legg opp til åtte ringar med god avstand mellom desse, slik at punktbelastninga blir lågare på lokaliteten. Dette vil også gi oss moglegheit til å sirkulere biomassen mellom generasjonane, slik at belastninga vil verte mindre .»

I kommuneplan for Kvam ligg omsøkt areal for endra plassering av akvakulturanlegget og fôrflåten i område avsett til akvakultur. Fortøyingane til anlegget og fôrflåten vil delvis gå inn i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Vestland fylkeskommune ber om at Kvam herad vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Lingalaks AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet:

